

Årsmelding Langrennsgruppa 2024

Aktivitetar

Som tidlegare har vi hovudaktivitet rundt skileik og skiglede for born i barne og ungdomsskule alder. Vi hadde ein veldig bra vårsesong i 2024 med mykje snø. Høgdepunktet var nok den nyskapande aktivitet rundt Harpefoss-rennet som vart arrangert 9.mars saman med alpingruppa og Harpefossen. Over 70 deltakarar gjekk over startstreken og bidrog til ein festdag i strålande solskin.

Etter Harpefossrennet, deltok mange frå Haugen IL på Tua rennet 17 mars i strålande sol og fleire gode prestasjonar.

Både vår og haust har vi i tillegg invitert dei som vil til ekstra styrketrening i gymsalen på Stårheim måndagane for 5 klasse og oppover. Her er det veldig bra oppmøte både med born og foreldre.

Vårsesongen vart avslutta torsdag før påske med eit uhøgtidleg renn med pølse i brød etterpå. Drikkeflaske i premie til alle. Etter påske fortsette basistreninga på Klenkarberget saman med friidrettsgruppa.

Hautsesongen starta dårleg med ein del frost utan snø som gjorde det vanskeleg med både rulleski og ski. Snøen let vente på seg og vi kom ikkje skikkeleg i gang på ski i løpet av 2024. Treningane før jul vart avslutta med ei hinderløype på Haugen skule med pølser og mandarin til alle.

Markane IL og Sogn og Fjordane Skikrins inviterte til Miljøsamling på Ullsheim frå 18 til 20.oktober. Her var det totalt 55 påmeldte i aldersgruppa 8-16 år frå Sunnmøre, Nordfjord og Sunnfjord. Denne helga vart veldig positivt motteke og bidrog til både godt samhald og idrettsglede.

Aktivitetsdag den 29. september saman med Stårheim skiskyting. Her kunne alle som tok turen innom prøve både rulleski, skyting og frisbeegolf.

Vi følgde opp suksessen frå i fjor og arrangerte skibyttedag saman med alpingruppa 23. november i varmestova på Harpefossen. Det er god omsetning på utstyr som får ny eigar og nytt liv.

Reidun er no sertifisert som kursholdar for grasottrenar utdanninga til Sogn og Fjordane skikrins. Siste del av denne utdanninga bestod i eit trenarkurs på Harpefossen 21. januar. Det er veldig kjekt for gruppa å ha ein så engasjert og dyktig trenar som motiverer både små og store til idretten.

Markedsføring og medlemmar

Vi brukar primært kommunikasjon-plattformen Spond for å nå ut til medlemmane våre om arrangement, treningar og meldingar. Facebook gruppa «Langrennsgruppa, Haugen IL» brukar vi no stort sett til deling av blider og anna litt mindre viktig informasjon.

Dei aktive har tilgang til Haugen IL jakker som kan bytast etter kvart som barna veks. Denne ordninga er administrert av fotballgruppa og fungerer fint. Medlemstalet er stabilt og vi ser at rekrutteringa er god blant dei yngste.

Trenarstab

Reidun SmørDAL Hjelle har i år som tidlegare hatt hovudansvaret for treningane med god hjelp frå Merethe SmørDAL, Ove Mikal Haveland, Tore Solheim, Hilde Katrine Engeli og Erlend Haugarvold. Fleire foreldre hjelper også til med praktiske ting under trening.

Dugnad

Vi hadde to dugnadar i 2024, onsdag 8.mai og laurdag 9.november. Begge dugnadane vart brukt til å sette opp / ta ned gjerder mot utmark, plukke søppel og rydde småskog langs løypene.

Ove Mikal Haveland har lagt ned mykje arbeid for å reparere drenering etter kraftig regn hausten 2024. Vegbana inn mot Kvandalsbrua vart hardt skada då elva gjekk over brua og laga nytt elveløp på nordsida av brua. Ove fekk gjort tilstrekkelege reperasjonar før frosten kom, men arbeidet med vedlikehald av brua er no endå viktigare. Det vart utført kontroll av stokkane som bær brua og det vart gjort mindre funn av råteskade.

Behovet for felling av større tre langs rundløypa er stort og ei kartlegging vart gjort hausten 2024. Vi håpar at arbeidet med dialog med grunneigarar og felling kjem i gang i 2025. Fleire av trea hindrar naturleg snøfall på delar av traseen, men ingen tre vi kjenner til er til fare for folk eller dyr.

I 2023/2024 har det blitt gjort eit stort arbeid med lys på parkeringsplassen ovanfor skiskyttarstadion. Det siste fundamentet lengst vest vart bytta og klargjort. Det tok noko tid å få dei siste delene før masta kunne settast opp. Når alt var på plass, vart fundamentet på nytt skada av brøyting dagar før montering og arbeidet på nytt utsettast til etter sesongen på våren i 2025.

Langrennsgruppa har saman med Stårheim IL skiskyting delt på parkeringsvaktene til Harpefossen i 23/24 sesongen. Det vart laga ei komplett vaktliste for den sesongen for å gjere desse vaktene meir forutsigbare. Det er dessverre få familiar å dele ansvaret på, så det har blitt mange vakter på nokre familiar. For 24/25 sesongen vart det saman med Harpefossen einigheit å gå ned frå tre til ei vakt, med ei bakvakt om været vart spesielt bra og det blir forventet mykje folk. Været hausten 24 med tilnærma fråvær av snø, gjorde at arbeidet med å sette opp vaktliste vart utsett.

Frå Haugen IL ski har Hilde Katrine Engeli, Ove Mikal Haveland og Jan Stian Raudi har vore med på vaktordning for preparering av langrennsløypene både 23/24 og 24/25 sesongen. Planlegging av preparering og vaktlister blir koordinert av driftsgruppa på Harpefossen. Langrennsgruppa deltar jevnleg på driftsmøta til Harpefossen gjennom sesongen.

Økonomi

Vi fekk 20.000 i sponsorstøtte til Harpefossrennet på starten av 2024, samt noko inntekt frå rennaktiviteten vi har gjennomført. Byttedagen har også bidratt til noko inntekt.

Elles har det vore lite støtte frå andre tilskotsordningar. Vi forsøkte å få støtte til ein container som kan erstatte brakka ved skiskyttarstadion til lager, men søknaden vart ikkje godkjend.

Økonomien i gruppa er god i forhold til aktivitetsnivået.

Styret i Langrennsgruppa v/Jan Stian Raudi